

TYSNES KOMMUNE



RETNINGSLINE FOR DATABRILLER

Vedteke i Tysnes formannskap 28. mars 2006
Rullert i Tysnes formannskap 30. november 2010
Rullert i administrasjonsutvalet, 20.januar 2020

INNHALD

1	DEFINISJON.....	3
2	VILKÅR	3
3	RUTINE VED KJØP AV DATABRILLE.....	3
3.1	Stadfesting frå leiar	3
3.2	Stadfesting frå optikar	3
3.3	Søknadsskjema.....	3
4	REFUSJON	3
4.1	Dekningsgrad	3
4.2	Direktefakturering	3
4.3	Budsjettpost.....	4
4.4	Sakshandsaming	4

1 DEFINISJON

Databrille er eit samleomgrep om brillekorreksjon som er ordinert for å optimalisere synsprosessen for arbeidstakarar som arbeidar ved dataskjerm.

Databriller er eit hjelpemiddel på arbeidsplassen, og vil som oftast vera eit par einstyrkebrille.

Progressiv/multifokal brille vert berre tilrådd når arbeidsoppgåvane krev skarpt syn både på avstand og på nært hald, og må dokumenterast særskild. Databriller er tilpassa ein avstand på 60-70 cm, og kan ikkje nyttast som lesebrille.

2 VILKÅR

Retningslinene gjeld for fast tilsette i 40 % stilling eller meir som har vore i arbeid i minimum 6 månader.

3 RUTINE VED KJØP AV DATABRILLE

3.1 Stadfesting frå leiar

Leiar skal stadfesta regelmessig, dagleg terminalarbeid på minimum 3 timar. Med terminalarbeid meiner me i denne samanheng all bruk av EDB-utstyr.

Bedriftshelsetenesta skal vurdere arbeidsplassen for å utelukka at problema kan skuldast ergonomiske tilhøve. Slik arbeidsplassvurdering skal skje før synsundersøking hjå optikar

3.2 Stadfesting frå optikar

Vurderinga/opplysningane frå optikar skal innehalde resultat frå synstest, og ei grunn- gjeving for kvifor databriller er nødvendig.

3.3 Søknadsskjema

Søknad om dekking av utgifter til databriller skal skrivast på eige skjema.

4 REFUSJON

4.1 Dekningsgrad

Når det ut frå dette er godtgjort at arbeidstakaren har trong for eigne databriller, dekkjer Tysnes kommune utgifter til desse etter fylgjande kriterium:

- Synstest vert dekt fullt ut.
- Utgifter til einstyrke eller fleirstyrke databrille vert dekt fullt ut.¹
- Refleksfrie glas og utgifter til tilpassing vert dekt.
- Fornyng av brilleglas p.g.a. synsendring vert dekt fullt ut.

Det vert understreka at det berre er direkte utgifter til databriller og synstest som vert dekkja.

Dersom kommunen inngår rammeavtale med ein spesifikk optikar vert det berre gjeve refusjon i samsvar med dei prisar som gjeld der.

4.2 Direktefakturering

Ved direktefakturering frå optikar med eller utan rammeavtale, skal den tilsette ha søkt arbeidsgjevar om databrille på førehand. Næraste leiar må stadfeste dagleg terminalarbeid etter punkt 3.1.

Optikar skal attestere skjema og det skal leverast til arbeidsgjevar uavhengig av betalingsordning.

Tilgjengeleg søknadsskjema for databrille skal nyttast for slik stadfesting.

4.3 Budsjettpost

Kostnadene ved databriller vert dekt over arbeidsplassen sitt budsjett.

4.4 Sakshandsaming

Ferdig utfylt søknadsskjema vert sendt rådmannskontoret for tilvising til økonomikontoret.
